



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Merknadshefte

Marint vern av Griphølen og Remman

Fase: Høring av verneforslag

xxxxxx 2026



Forord

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal meldte 11. mai 2020 om oppstart og høyring av utgreiingsprogram for marin verneplan for Griphølen og Remman. Frist for merknader var sett til 30. juni. Det vart også sendt ut oppstartsbrev på nytt 9. juni til nokre mottakarar der det var tvil om den elektroniske utsendinga frå Statsforvaltaren sitt arkivsystem hadde feila, med ny frist 15. august. På førespurnad fekk nokre aktørar også utsett frist - seinast til 20. august. Vi har også tatt inn ein merknad som kom så seint som 3. september.

Informasjonsmøte vart gjennomført på nett 28. mai 2020.

Det kom inn 15 merknader til oppstartsmeldinga. Merknadene er summert opp og kommentert av Statsforvaltaren i dette merknadsheftet. Kopi av merknadene ligg også ved.

Statsforvaltaren har delt dei oppsummerte merknadene ved oppstart i to etter om dei retta seg mot utgreiingsprogrammet eller mot utforming av verneforslaget. Merknader til utgreiingsprogrammet vart vurdert i eit eige merknadshefte før fastsetting av utgreiingsprogram, sjå [Fastsett utgreiingsprogram for Griphølen og Remman | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#). I den versjonen av merknadsheftet vart også innspel retta mot utforming av verneforslaget gitt ei førebels vurdering. Statsforvaltaren sine kommentarar til desse innspela er no oppdatert ut i frå dei vurderingane som er gjort i arbeidet med verneforslaget, og på grunnlag av kva som kjem fram i konsekvensutgreiinga.

Merk at Statsforvaltaren har skifta namn frå Fylkesmannen mellom oppstart/arbeidet med utgreiingsprogrammet, og høyringa. I merknadsgjennomgangen brukar vi berre Statsforvaltaren, også der innkomne merknader brukar det gamle namnet

Etter høyring av verneforslaget vil merknadsheftet igjen bli oppdatert med innkomne høyringsfråsegner, og Statsforvaltaren si vurdering av desse, før verneforslaget blir sendt vidare til Miljødirektoratet for vidare vurdering og tilråding til Klima- og miljødepartementet.

Molde, xx. Xxxx 2026

Innhald

Forord	2
1 Merknader ved oppstart.....	4
2. Merknader til høyring.....	17
Vedlegg.....	17

1 Merknader ved oppstart

Merknader ved oppstart er delt i to etter om dei rettar seg mot utgreiingsprogrammet eller mot utforming av verneforslaget. I nokre tilfelle har Statsforvaltaren sortert merknadene annleis enn det avsendar har gjort.

Plassomsyn gjer at merknadene er summert kort opp, med fokus på konkrete forslag til endringar i utgreiingsprogrammet og konkrete innspel til områdeavgrensing og innhald i forskrifter. For utfyllande om grunngjeving for forslag og innspel, andre synspunkt og tekst som er å sjå som informasjon og bakgrunnsmateriale viser vi til enkeltmerknadene i vedlegga.

Oljedirektoratet, e-post 25.05.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Ingen merknader retta mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Oljedirektoratet viser til endeleg tilråding 2004 frå Rådgivande utval for marin verneplan, som i vedlegg 1, nest siste side skriv at: «*Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdier på havbunnen*».

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Med foreslått utforming av verneforskrift vil leiting etter og produksjon av petroleumsressursar som føreset fysiske inngrep og tiltak, og kan gi utslepp av forureining, vere forbode. Konsekvensutgreiinga vurderer petroleumsaktivitet som ei lite aktuell problemstilling.*

Inga Lillian Reitan, e-post 30.05.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Ingen merknader retta mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Reitan ber om at verneplanen ikkje opnar for fleire oppdrettsanlegg. Meiner det er eit paradoks med vern av Sør-Smøla landskapsvernområde og at Statsforvaltaren likevel seier ja til eit nytt oppdrettsanlegg innanfor verneområdet. Viser også til mogleg UNESCO-status for området, og at det i så fall ikkje kan sameinast med oppdrett.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen marine verneområde (mvo) opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Dette er i samsvar med regjeringa sine sist vedtatte verneforskrifter for marint vern. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande for kor det kan ligge anlegg.*

Berit Rodahl m.fl., e-post 03.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Ingen merknader retta mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Etablering av akvakulturanlegg må vere forbode. Grunngjeving er m.a. landskapsverknader, innverknad på marint liv som t.d. gyteplassar for kysttorsk, villaks, botndyrsamfunn, forureining, dyrehelse i anlegga, auka båttrafikk. Stiller seg positiv til

utviding av sone B i Sør-Smøla landskapsvernområde, dvs. sone der akvakulturanlegg ikkje kan tillatast.

2. Ønskjer at forskriftene set krav om botngranskingar og straummålingar før etablering av oppdrettsanlegg og gir strenge krav for forureining, støy, lys, båtbruk m.m.
3. Rodahl ønskjer at verneplanen inneheld retningsliner om handtering av marint avfall retta mot grunneigar og kommune, m.a. med krav om at fylke/kommune skal vere ansvarleg for rydding og henting av oppsamla marint avfall.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Dette er i samsvar med regjeringa sine sist vedtatte verneforskrifter for marint vern. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande for kor det kan ligge anlegg.*
2. *Det vil i utgangspunktet vere dei ordinære krava til forundersøkingar ved akvakultursøknader som gjeld. Resultatet frå undersøkingane vil vere styrande for kva vilkår som ev. blir fastsett ved handsaming etter verneforskrifta, og den ordinære handsaminga etter akvakulturlova og aktuelle særlover som t.d. forureiningslova.*
3. *Det er ikkje fastsett eigne forskrifter for handtering av marint avfall i verneforslaget. Forskriftene kan ikkje regulere ansvarsforhold mellom ulike partar og forhold av privatrettsleg karakter. Statsforvaltaren vil kunne bruke tiltaksmidlar til opprydding av marint avfall, slik det allereie blir gjort i Sør-Smøla landskapsvernområde.*

Statens vegvesen, brev 05.06.2020

Statens vegvesen har ingen merknader til oppstart av arbeidet med marin verneplan.

Fiskeridirektoratet, brev 19.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Det bør vurderast om havbeite skal vere eit tema som skal utgreiast nærare i konsekvensutgreiinga.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Havbeite inngår i tema akvakultur, jf. avsnitt 4.3.6 i utgreiingsprogrammet.*

Innspel til verneplanen

1. Fiskeridirektoratet føreset at berekraftig utnytting av marine ressursar som ikkje er til skade for eller påverkar verneformålet kan drivast innanfor verneområdet, og ser ikkje for seg at det er behov for restriksjonar på bruk av passive eller aktive reiskap og registrerte låsettingsplassar.
2. Fiskeridirektoratet stiller spørsmål ved kor godt eigna område der det over lang tid har vore og er stor taretrålingsaktivitet er som referanseområde, og vurderer dei for sin del som uaktuelle. Område med ingen eller liten aktivitet bør prioriterast, og det blir peikt på:
 - a. området aust for ei linje trekt mellom posisjonane 63° 16.017`N 7° 48.100`E (sørvest av Sandværet i sør) og 63° 20.880`N 7° 48.000`E (vest for Skjelskjæra i Olsøysvaet i nord)
 - b. eit område avgrensa av posisjonane 63° 20.000`N 8° 9.983`E (vest av Vikkjelsholman i nordøst), 63° 20.000`N 8° 0.217`E (vest av Ragnesvatnet i nordvest), 63° 12.017`N 7° 59.983`E (Storbåtvika) og 63° 13.000`N 8° 9.983`E (vest av Nygarden)
 - c. Remman naturreservat, eventuelt med utvidingar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Med unntak av botntråling er det ikkje restriksjonar på fiske i det marine verneområdet ut over det som følgjer av dei ordinære fiskerireguleringane.
2. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det ikkje realistisk å avgrense tilfanget av aktuelle soner med forbod mot taretråling til område som ikkje har vore hausta til no. Vi legg til grunn at utplukka område vil utvikle seg til urørte, dynamiske klimakssamfunn med naturleg alderssamansetning på tareplantane og fullt utvikla påvekstsamfunn innan relativt kort tid. Kapittel x.x i høyringsforslaget gjer nærare greie for dei vurderingane Statsforvaltaren har gjort kva gjeld avgrensing av forslag til sone med forbod mot tarehausting. Foreslått referanseområde i punkt 2 b ovanfor ligg i hovudsak utanfor området det er meldt oppstart for. Statsforvaltaren ser det ikkje som aktuelt å utvide verneplanområdet. Den delen som ligg innanfor austenden av Sør-Smøla landskapsvernområde er eitt av alternativa som er på høyring, og er tatt inn i konsekvensutgreiinga. Remman er foreslått utvida.

Kystverket, brev 24.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Ingen merknader retta mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Kystverket har om lag 140 navigasjonsinstallasjonar innanfor områda, og ber om at verneforskriftene blir utforma slik at dei kan utøve farleiltak og etablere og vedlikehalde installasjonar og anlegg på ein rask, effektiv og økonomisk måte unødige bruk av tid og ressursar

Statsforvaltaren si vurdering

1. Det meste av Kystverket sine installasjonar inngår allereie i eksisterande naturreservat eller landskapsvernområde. Marint vern vil ikkje innebere vesentlege endringar i Kystverket sine rammevilkår i desse områda. Navigasjonsinstallasjonar kan få løyve etter søknad i alle dei foreslåtte verneområda.

Direktoratet for mineralforvaltning, brev 30.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Verneplanarbeidet bør gjer greie for om vernetiltaket kan vere til hinder for frakt av massar frå pågåande pukkverksdrift i Kristiansund, og eventuelt for dei andre mineralressursane på land i området.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Avsnittet om mineralressursar i kapittel 4.3.5 i utgreiingsprogrammet er supplert med problemstillinga DMF tar opp.

Innspel til verneplanen

1. DMF rår til at verneplanen ikkje hindrar transport av mineralske ressursar på sjøen.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Det ligg ikkje restriksjonar på sjøtransport i verneforskriftene for dei foreslåtte verneområda.

Sjømat Norge Midt, brev 30.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Konsekvensutgreiinga (KU) bør greie ut potensialet for havbruksproduksjon i området, både ut frå dagens teknologi og sett i eit framtidsperspektiv, gjerne ved å sjå på området i soner. Dette vil gi ein indikasjon på tap av produksjon, arbeidsplassar, kommunale inntekter m.m.
2. KU må fokusere på kriteria økonomisk og sosial berekraft, mellom anna kva for økonomisk og sosial verdi bruken av områda kan ha og har for næringsverksemd og

rekreasjon og samfunnsmessig og økonomisk utvikling for kommunane Kristiansund og Smøla

3. KU må gjere greie for kunnskapsgrunnlaget, eventuelt manglande kunnskapsgrunnlag og korleis dette kan betrast.
4. Sjømat Norge stiller spørsmål ved korleis rollene som forslagsstillar (§ 4 i KU-forskrifta) og ansvarleg myndigheit (§ 5 i KU-forskrifta) blir haldne frå kvarandre.
5. Sjømat Norge Midt ber om at havbruksnæringa blir involvert aktivt i verneplanarbeidet.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Avsnitt 4.3.6 i utgreiingsprogrammet er supplert med Sjømat Norge Midt sitt innspel.
2. For å synleggjere betre at samfunnsmessige sumverknader av verneforslaget skal inngå i konsekvensutgreiinga er det tatt inn eit nytt avsnitt 4.3.9 Samfunnsmessige verknader i utgreiingsprogrammet. Verknader vil også komme fram under relevante enkelttema etter kapittel 4.3 og i den samla vurderinga som skal gjerast etter kapittel 4.3.10.
3. Ein grundig gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget vil vere eit av dei viktigaste føremåla med konsekvensutgreiinga, både med tanke på naturmangfald, og verknader for andre samfunnsinteresser.
4. I arbeidet med marint vern er det Statsforvaltaren som har rolla som forslagsstillar og gjennomfører arbeidet med utgreiingsprogram og verneforslag. Miljødirektoratet er ansvarleg myndigheit, og godkjenner utgreiingsprogram og konsekvensutgreiing. Dette er no presisert i kapittel 2.1 i utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanarbeidet

1. Verneplanarbeidet må avvege om det foreslåtte arealbeslaget er nødvendig sett opp mot andre marine verneområde (vedtatt og foreslåtte) som innehar/har overlapp m.h.t. aktuelle verneverdiar.
2. Griphølen og Remman er ikkje mellom områda rådgivande utval foreslår for langtidsovervaking og forskning, men er foreslått som supplerande område for forskning og undervisning. Verneplanarbeidet må vurdere om det er nødvendig med referanseområde i lys av dette.
3. Omfang, nødvendighet og restriksjonsnivå må vurderast opp mot nasjonale målsettingar om vekst og utvikling av havbruk og andre næringar til havs.
4. Verneplanarbeidet bør vurdere om særskilte reguleringar med t.d. forbod mot bruk av koparimpregnering og kitinhemmarar kan bety noko for om oppdrett er mogleg eller ikkje innanfor områda.
5. Sjømat Norge Midt ber om at verneforskriftene opnar for havbruksverksemd, og understrekar rådgjevande utval sin generelle haldning om at havbruksaktivitet normalt ikkje representerer nokon trussel mot verneverdiane. Det blir også vist til at god gjennomstrøyming raskt fortynner og spreier organisk materiale og næringssalt, og at teknologi, drift og overvaking i dag er forskjellig frå då utvalet la fram si tilråding i 2004.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Statsforvaltaren legg til grunn at det er nødvendig å gjennomføre vern av Griphølen og utviding av Remman naturreservat for å oppnå målsettingane for marin verneplan og Stortingsmelding 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur.
2. Det følgjer av verneformålet i § 1 i verneforskriftene at områda m.a. skal tene som referanseområde for forskning og overvaking. Dette gjeld generelt alle marine verneområde etter gjeldande malar. Sjå elles kap. X.x i verneplanomtalen for nærare vurdering av soneinndeling.
3. Statsforvaltaren legg til grunn at avveging av desse målsettingane er gjort i Stortingsmelding 29. Avgrensing og restriksjonsnivå er elles i samsvar med dei føringar som er gitt, jf. også at det er opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet.

4. *Det er ikkje foreslått særskilte reguleringar av akvakulturverksemd i verneforskriftene. Det vil t.d. i utgangspunktet vere dei ordinære krava til forundersøkingar ved akvakultursøknader som gjeld. Resultatet frå undersøkingane vil vere styrande for kva vilkår som ev. blir fastsett ved handsaming etter verneforskrifta, og den ordinære handsaminga etter akvakulturlova og aktuelle særlover som t.d. forureiningslova.*
5. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Dette er i samsvar med regjeringa sine sist vedtatte verneforskrifter for marint vern. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande for kor det kan ligge anlegg.*

Salmar Farming og Nekton Havbruk, fellesbrev 30.06.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Konsekvensutgreiinga må vurdere om områda er riktig utvald, og behovet for at områda i det heile tatt skal bli eit marint verneområde. Stikkord for vurderinga er risiko for naturmangfald, differensiert sonering av verneområdet, ev. endringar i utvalskriterier for marine verneplanar, og om verneverdiar er tatt i vare i verna føreslegne verneområde eller andre restriksjonsområde. Det er konkret reist spørsmål om Hustadvika kan vere eit alternativ til Griptområdet.
2. Utgreiingsprogrammet må presisere at søknader om akvakultur ikkje kan stoppast med argument om at det pågår ein verneprosess.
3. KU må dekke andre felt enn naturmangfald. Det blir peikt på at verknader for akvakultur må vurderast ut i frå framtidig potensiale og ikkje berre dagens lokalitetar.
4. KU må utførast av uhilda instansar med tilstrekkeleg relevant fagkompetanse.
5. Verneforslaget må basere seg på tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om artar, område og omfang i ulike delområde, om naturleg tilførsel av næringsstoff, og kva type påverknad og skade ulike aktivitetar kan gi.
6. KU må fokusere på samfunnsmessige konsekvensar av vern for næringar som blir avgrensa i det marine verneområdet, og total vernebelastning for Smøla.
7. KU må vurdere verknader for akvakultur i eit nasjonalt perspektiv ut i frå nasjonale målsettingar om vidare vekst i akvakulturnæringa, også i lys av utvikling av ny teknologi.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det vil vere eit viktig mål for konsekvensutgreiinga at ho skal gi ei god naturfagleg grunngjeving for behovet for vern og for eventuelle soner med særskilte omsyn og restriksjonar. Vi vurderer innhaldet i avsnitt 4.3.1 i utgreiingsprogrammet som dekkande for merknaden. Når det gjeld det konkrete forslaget om at Hustadvika kan erstatte Griptområdet viser vi til rådgjevande utval si vurdering i førebels tilråding i 2003: «Områdene Hustadvika og Griphølen ligger begge i Møre og Romsdal og har delvis overlappende naturkvaliteter. Griphølen har klart større spennvidde i naturforhold enn Hustadvika og utgjør i større grad en økologisk enhet i samspillet mellom dype og grunne områder». Vi ser det difor som lite aktuelt å legge bort Griphølen til fordel for Hustadvika.*
2. *Naturmangfaldlova § 44 fastslår m.a. at eit forvaltningsorgan utan vidare kan avslå ein søknad om løyve til eit tiltak i eit område som inngår i eit verneforslag det er meldt oppstart for etter § 42. Løyve kan berre gjevast dersom tiltaket er utan nemnande betydning for forslaget. Det er difor ikkje aktuelt å ta inn ei formulering som ønskja.*
3. *Utgreiingsprogrammet inneheld fleire tema som skal utgreiast i tillegg til naturmangfald, jf. kapittel 4.3. Avsnitt 4.3.6 er utvida noko for å synleggjere betre at potensialet for akvakultur skal inngå i vurderingane.*
4. *Statsforvaltaren legg til grunn at fagbistand i KU-arbeidet skal innhentast frå eitt eller fleire kompetansemiljø som dekker det nødvendige spennet i fagområde.*

5. *Utgreiingsprogrammet er etter Statsforvaltaren sitt syn dekkande for merknaden, men det er tatt inn i avsnitt 4.3.1 at det er behov for å vurdere naturlege næringstilførselar og tilførselar frå akvakultur for å avvege om det er nødvendig å avgrense akvakulturverksemd i verneplanområdet.*
6. *For å synleggjere betre at samfunnsmessige sumverknader av verneforslaget skal inngå i konsekvensutgreiinga er det tatt inn eit nytt avsnitt 4.3.9 Samfunnsmessige verknader i utgreiingsprogrammet. Verknader vil også komme fram under relevante enkelttema etter kapittel 4.3 og i den samla vurderinga som skal gjerast etter kapittel 4.3.10.*
7. *Avvegingar mellom nasjonale målsettingar om bruk og vern av kyst- og havområda vil vere ein viktig del av arbeidet med verneplanen. Nokre sentrale dokument er tatt inn i avsnitt 2.5.*

Innspeil til verneplanen

1. Salmar og Nekton ser det som svært viktig at det framleis skal være tillate med akvakultur i Sør-Smøla Landskapsvernområde, og at lokalitetane får rammer som gir rom for framtidig drift og utvikling.
2. Storleiken på området gjer det nødvendig å differensiere i fleire underområde for å unngå at delområde blir underlagt unødvendige avgrensingar.
3. Verneforskrifta må gi ein tydeleg områdevis omtale av kva for artar vernet skal beskytte, og ut frå det ei tydeleg omtale av kva for aktivitetar som kan tillatast og ikkje tillatast i eit område.
4. Oppfordrar sterkt til at området Inngripan – Grip - Griphølen mot Smøla ikkje får restriksjonar for akvakultur ut i frå potensialet for å ta det i bruk med nyutvikla teknologi.
5. Ber om at det blir lagt til rette for at akvakultur blir tillate i randområdet aust for Remman. Området er eigna både for dagens og framtidig teknologi.
6. Ser området mellom Grip og Griptaren som betre eigna som referanseområde for djupvatn enn Griphølen, ut i frå eit heilskapleg perspektiv om bruk og vern, sidan det er mindre eigna for akvakultur med dagens teknologi.
7. Det er viktig at det blir tydeleggjort at grensene som blir fastsett for verneområdet vil være dei gjeldande forvaltningsmessige grensene, for å unngå at akvakulturanlegg ikkje får løyve på grunn av nærleik til verneområde. Eventuelle buffersoner rundt områda må komme tydeleg fram i høyringsprosessen.
8. Dersom akvakultur ikkje blir tillate i enkelte område, bør verneforskrifta presisere om fortøyingar til akvakulturanlegg kan gå inn i desse områda.
9. Salmar og Nekton viser til punkt 14 i FN sine bærekraftsmål: *Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling*, og understrekar at verneforslaget må balansere tre dimensjonar i berekraftsomgrepet: miljø, økonomi og sosiale omsyn.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Dette er i samsvar med regjeringa sine sist vedtatte verneforskrifter for marint vern. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande for kor det kan ligge anlegg.*
2. *Det er forslag om restriksjonssoner berre for taretråling innanfor Griphølen marine verneområde, i samsvar med rådgjevande utval si tilråding. Ut over det har vi ikkje funne grunnlag for å differensiere verneforskrifta for ulike område. Sjå kap. X.x i verneplanomtalen for nærare vurdering av soneinndeling.*
3. *Verneformålet går fram av § 1 forslag til forskrift. Det er ikkje rom for å gjere formålet så detaljert som skissert i merknaden, og kunnskapsgrunnlaget er heller ikkje godt nok til å gi*

uttømmende føringar for kva rammer t.d. akvakultur kan få i ulike område. Dette må vurderast i kvar enkelt sak, m.a. på grunnlag av dei forundersøkingane som blir lagt fram.

4. Som punkt 1.
5. Remman naturreservat er forslått utvida, og vi har ikkje vurdert det som aktuelt å opne for akvakultur i det smale utvidingsarealet aust for Remman.
6. Det er ikkje sett av særskilte soner for overvaking av djupvatn. Kor og i kva grad det kan vere aktuelt med overvaking vil kunne fastleggast t.d. i ein forvaltningsplan.
7. Det følgjer av § 49 i naturmangfaldlova at dersom utanforliggende verksemd som treng løyve etter anna lovverk kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde, skal det leggast vekt på omsynet til desse verneverdiane ved avgjerd av om det skal gjevast løyve, og ved fastsetting av vilkår. Verneplanen kan ikkje sette § 49 til side. Kvart enkelt tiltak må vurderast individuelt.
8. Remman naturreservat og Inngripan naturreservat vil få forbod mot akvakultur. Dette vil også omfatte fortøyingar. Vi vurderer oppstillingane i § 3 som tydelege nok, m.a. er plassering av konstruksjonar på sjøbotnen og andre varige og midlertidige innretingar forbode.
9. Statsforvaltaren legg til grunn at avveging mellom internasjonale og nasjonale målsettingar om bruk og vern av kyst- og havområda er gjort i Stortingsmelding 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur. Ut over det er det opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet.

Møre og Romsdal fylkeskommune (fylkeskommunedirektøren), brev 10.07.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Fylkeskommunen meiner overskrifta i kapittel 2.2 gir signal om at «her er utgreiingsprogrammet», og at ho bør endrast.
2. Etterspør lenke eller referanse til utgivar for dokumenta frå rådgjevande utval for marin verneplan.
3. Meiner kapittel 3.2.4 er uklart på om omtalen av moglege restriksjonar gjeld berre areal som ikkje er verna frå før, eller også omfattar endringar i vernereglar for eksisterande verneområde med ev. utvidingar.
4. Kapittel 4.2.3 bør presisere at friluftslivet ikkje vert pålagt vesentlege nye restriksjonar.
5. KU bør gi ein oppdatert gjennomgang av grunnlaget for vern, og ei vurdering av om områda er riktig valt.
6. KU bør gi ei vurdering av konsekvensar for naturmangfaldet av nullalternativet og eventuelle delalternativ.
7. KU bør vurdere om referanseformålet er eller vil bli ivareteke i verneprosessar i andre område.
8. For akvakulturnæringa særskilt peikar fylkeskommunen på det framtidige potensialet, som går langt utover dagens aktivitet. Dette må synleggjerast i utgreiingane.
9. KU må baserast på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag også for dei samfunnsmessige aspekta.
10. Naturlig tilførsle av næringsstoff til området bør estimerast i konsekvensutgreiinga. Områda blir tilført og akkumulerer enorme mengder næringsstoff naturlig, mellom anna gjennom stormhausting av tare, avrenning frå landområda, tilførsel av biomasse via havstraumar og frå lufta.
11. KU må synleggjere kva slags type påverknad, skade eller forringing som kan forventast frå ulike aktivitetar, både dei som er tillatne og dei som vert forbodne.
12. KU må vise kva samfunnsmessige konsekvensar det kan få for Smøla- og Kristiansundsregionen at næringsutøving blir avgrensa.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Statsforvaltaren har vanskar for å sjå at overskrifta kan vere problematisk, men har endra ordlyden frå bestemt form eintal til ubestemt form fleirtal for å unngå ev. mistydingar.*

2. *Nettsøk på referanseteksten i kapittel 6 gir treff på direkte lenke til utvalet sine rapportar i pdf-format på Miljødirektoratet sine nettsider. Lenkene er no lagt inn i utgreiingsprogrammet i fulltekst.*
3. *Kapittel 3.2.4 er i hovudsak meint å synleggjere aktuelle restriksjonar for areal som ikkje er verna frå før, men samtidig samanlikne med reglane i eksisterande landskapsvernområde og naturreservat og få fram moglege endringar i desse. Det er gjort vesentlege endringar i teksten og oppsettet i tabell 1 for å gjere dette klarare.*
4. *Ei presisering av moglege restriksjonar for friluftsliv er tatt inn i avsnitt 4.3.3 (endra nummerering).*
5. *Det vil vere eit viktig mål for konsekvensutgreiinga at ho skal gi ei god naturfagleg grunngeving for behovet for vern og for eventuelle soner med særskilte omsyn og restriksjonar. Vi vurderer innhaldet i avsnitt 4.3.1 i utgreiingsprogrammet som dekkande for merknamen.*
6. *Det følgjer av kapittel 4.3 at 0-alternativet skal skildrast ut i frå noverande miljøtilstand og ei vurdering av korleis miljøet truleg vil utvikle seg viss verneplanen ikkje blir gjennomført. Etter KU-forskrifta er det verknadene av tiltaksalternativet(-a) som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga, og desse blir målt opp mot 0-alternativet. For naturmangfaldet vil då konsekvensane av 0-alternativet bli at ein ikkje oppnår dei forventa positive verknadene av vern som vil bli utfyllande gjort greie for i konsekvensutgreiingane.*
7. *Det følgjer av kapittel 4.3.1 i utgreiingsprogrammet at ein vil sjå marint vern av Griphølen og Remman i samanheng med tilsvarande verneområde andre stader. Slike vurderingar følgjer også av naturmangfaldlova § 10.*
8. *Avsnitt 4.3.6 er utvida noko for å synleggjere betre at potensialet for akvakultur skal inngå i vurderingane.*
9. *For å synleggjere betre at samfunnsmessige sumverknader av verneforslaget skal inngå i konsekvensutgreiinga er det tatt inn eit nytt avsnitt 4.3.9 Samfunnsmessige verknader i utgreiingsprogrammet. Verknader vil også komme fram under relevante enkelttema etter kapittel 4.3 og i den samla vurderinga som skal gjerast etter kapittel 4.3.10.*
10. *Det er tatt inn i avsnitt 4.3.1 at det er behov for å vurdere naturlege næringstilførselar og tilførselar frå akvakultur for å avvege om det er nødvendig å avgrense akvakulturverksemd i verneplanområdet.*
11. *Utgreiingsprogrammet er etter Statsforvaltaren sitt syn dekkande for merknamen. Grunngeving for områdeavgrensing og utforming av verneforskrifter vil vere ein viktig del av verneplanarbeidet. Merk likevel at avsnitt 3.2.4 er omarbeidd ein god del etter høyring, og krav til grunngeving er presisert der.*
12. *Som punkt 9.*

Innspel til verneplanen

1. Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader til at verneplanprosessen blir igangsett.
2. Meiner havbeite med stadeigen hummar ikkje utgjer nokon økologisk eller genetisk skilnad frå vill hummar, og ev. auke i bestanden kan vere positivt.
3. Førslått verneområde er stort. Ved å differensiere i fleire underområde kan ein unngå at areala blir underlagt strengare restriksjonar enn det som er naudsynt for verneformålet.
4. Verneforskrifta må gi ein tydeleg områdevis omtale av kva for artar vernet skal ivareta, og ut frå det ei tydeleg omtale av kva for aktivitetar som kan tillast og ikkje tillast.
5. Referanseområde med strengaste restriksjonsnivå, bør ikkje vere større enn det som er nødvendig for å sikre referanseverneverdien, og kan helst plasserast i område som det frå før ikkje er mogleg å etablere akvakulturanlegg i, som sone B i Sør - Smøla LVO og Sortna naturreservat

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Tatt til vitande.*
2. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. I Remman og Inngripan er det forbod mot akvakultur.*
3. *Med unntak av restriksjonssoner med forbod mot tarehausting er det ikkje delt i ulike delområde med ulike reglar. Statsforvaltaren ser ikkje at det er behov for dette. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande. Sjå kap. X.x i verneplanomtalen for nærare vurdering av soneinndeling.*
4. *Verneformålet går fram av § 1 forslag til forskrift. Det er ikkje rom for å gjere formålet så detaljert som skissert i merknaden, og kunnskapsgrunnlaget er heller ikkje godt nok til å gi uttømmende føringar for kva rammer t.d. akvakultur kan få i ulike område. Dette må vurderast i kvar enkelt sak, m.a. på grunnlag av dei forundersøkingane som blir lagt fram.*
5. *Som punkt 3.*

Møre og Romsdal Fiskarlag, brev 10.08.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Fiskarlaget ser det naturleg og nødvendig at dei er representert i arbeids-/referansegrupper som blir oppnemnt.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Fiskerinæringa sine organisasjonar er mellom dei mest sentrale aktørane det er viktig å involvere i arbeidet, jf. også kapittel 5.2 i utgreiingsprogrammet.*

Innspel til verneplanen

1. Møre og Romsdal har ingen innvendingar til marint vern av Griphølen og Remman, så lenge det ikkje har restriksjonar for utøving av fiske eller negative konsekvensar fisken sine oppvekstområde eller gyte- og leveområde.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Med unntak av botntråling er det ikkje restriksjonar på fiske i det marine verneområdet ut over det som følgjer av dei ordinære fiskerireguleringane.*

Smøla formannskap, møte 18.08.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Samfunnsmessige konsekvensar ved ytterlegare vern av areal i Smøla kommune, irekna busetting og sysselsetting må vurderast i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga må femne breidt slik at alle konsekvensar av vernet blir belyst, både naturverdiane, men også samfunnsmessige forhold og framtidig verdiskaping.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *For å synleggjere betre at samfunnsmessige sumverknader av verneforslaget skal inngå i konsekvensutgreiinga er det tatt inn eit nytt avsnitt 4.3.9 Samfunnsmessige verknader i utgreiingsprogrammet. Verknader vil også komme fram under relevante enkelttema etter kapittel 4.3 og i den samla vurderinga som skal gjerast etter kapittel 4.3.10.*

Innspel til verneplanen

1. Smøla kommune ønskjer ikkje marin verneplan for Griphølen og Remman. Det bør gjerast ei ny vurdering av om områda er riktig utvalt, og om det i det heile tatt er behov for at områda skal bli eit marint verneområde.
2. Dersom arbeidet med marin verneplan skal gjennomførast meiner Smøla kommune at føreslegne verneområde er for store. Sør-Smølaområdet bør som eit minimum takast ut. Dei andre områda må også avgrensast.

3. Det må ikkje innførast meir omfattande og strengare vern enn absolutt nødvendig. Næringsrelatert og privat bruk må tillast. Smøla kommune ønskjer ikkje særskilte referanseområde med strengaste restriksjonsnivå.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Konsekvensutgreiinga gir ei utfyllande omtale av naturverdiane i området. Samla sett vurderer Statsforvaltaren at kunnskapsgrunnlaget for naturverdiane i områda er tilstrekkeleg til å slå fast at kriteria i naturmangfaldlova §§ 37 og 39 (sjå kap. 1.2) er innfridd, og at områda er kvalifisert for vern som marint verneområde (Griphølen) og naturreservat (utviding av Remman naturreservat (sjå kap. X.x.x) og oppretting av Inngripan naturreservat)*
2. *Høyringsforslaget og konsekvensutgreiinga inneheld to alternative avgrensingar av Griphølen mvo, inkludert eit alternativ der Sør-Smøla lvo ikkje er med i det marine verneområdet.*
3. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Dette er i samsvar med regjeringa sine sist vedtatte verneforskrifter for marint vern. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande for kor det kan ligge anlegg. Det er elles forslag om restriksjonssoner berre for taretråling innanfor Griphølen marine verneområde, i samsvar med rådgjevande utval si tilråding. Elles gir verneforslaget få verknader for næringsrelatert og privat bruk, sjå meir i konsekvensutgreiinga.*

Dupont Nutrition Norge AS, e-post 19.09.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

Ingen merknader til utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Dupont Nutrition Norge As peiker på at eit forbod mot taretråling i områda rundt og sør av Smøla vil vere svært negativt for deira verksemd i Norge. Dupont legg ved eit kart der eit område frå Grip og ut til og med Griptaren er skissert som akseptabelt som marint verneområde. I tillegg foreslår dei å frede haustefelt 305 til 309 i området aust av lengdegrad 7° 48` E.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Dupont sine forslag gjeld område som anten ligg langt til havs og ikkje er opna for tarehausting (Griptaren), eller indre delar av Sør-Smølaområdet der det i dag ikkje blir hausta av ulike årsakar (austdelen av felt 305-309). Etter vår vurdering vil ein ikkje oppnå rådgjevande utval sine siktemål med Dupont sine forslag. I høyringsforslaget og konsekvensutgreiinga er forslag frå Fiskeridirektoratet og Akvaplan-niva lagt til grunn.*

Kristiansund formannskap, møte 18.08.2020

Omfang, struktur og innhald gjer at det er utfordrande å gi eit dekkande uttrekk av merkningen frå Kristiansund kommune. Vi må difor understreke at oppsummeringa vidare fokuserer på det vi tolkar som konkrete innspel til endringar i utgreiingsprogrammet og utforming av verneplanen.

Merknader til utgreiingsprogrammet:

1. Kommunen viser til at rådgivande utval kom med si tilråding i 2004, og meiner verneforslaget må oppdaterast med utviklingstrekk innad nye havnæringar, brukarar av området, og overvaking og registreringar sidan det.
2. Meiner pågåande aktiv overvaking og ny kunnskap om t.d. korallrev, stortare og kva for nye artar som går inn i Griphølen må inn i konsekvensutgreiinga.
3. KU må ha eit kunnskapsgrunnlag også for dei samfunnsmessige forholda.
4. Kommunen ønskjer å bli invitert inn til å delta aktivt i KU-prosessen hos Statsforvaltaren.
5. KU må innehalde eit 0-alternativ, dvs. ingen vernesone.

6. Griphølen bør ikkje bestå som samlebegrep for Inngripan, Grips skjergard, Griptaren og Griphølen.
7. Planane om eit giftdeponi på Raudsand i Molde kommune høyrer inn i ein KU.
8. Kristiansund kommune ønskjer utgreiing og avklaring på kabling og rør i energinæringar som kan gå frå havet og inn Griphølen til land; havvind, vindmøller i skjergarden, bølgekraft, eller elektrisitet frå land til installasjonar på sokkelen.
9. Verdiane knytt til fiskeri i områda må inn i vurderingane.
10. Verneplanarbeidet må vurdere verknader for verdiskaping hos kystfolket av vern i stort omfang,
11. Verneplanarbeidet må vurdere korleis vern og virke kan fungere ved sidan av kvarandre.
12. Verneplanarbeidet må vurdere om dei rette områda er valde.
13. Kva er risikoen for at friluftslivet blir pålagt nye restriksjonar i vernesoner, jf. kapittel 4.2.3?

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det er eit viktig mål med konsekvensutgreiinga å gi ein oppdatert status for dagens situasjon for ulike tema, og verknader på ulike interesser av marint vern. Vi vurderer utgreiingsprogrammet som dekkande for merknaden.*
2. *Som punkt 1.*
3. *For å synleggjere betre at samfunnsmessige sumverknader av verneforslaget skal inngå i konsekvensutgreiinga er det tatt inn eit nytt avsnitt 4.3.9 Samfunnsmessige verknader i utgreiingsprogrammet. Verknader vil også komme fram under relevante enkelttema etter kapittel 4.3 og i den samla vurderinga som skal gjerast etter kapittel 4.3.10.*
4. *Kommunane er mellom dei mest sentrale aktørane det er viktig å involvere i arbeidet, jf. også kapittel 5.2 i utgreiingsprogrammet.*
5. *Det følgjer av kapittel 4.3 at 0-alternativet skal skildrast ut i frå noverande miljøtilstand og ei vurdering av korleis miljøet truleg vil utvikle seg viss verneplanen ikkje blir gjennomført. Etter KU-forskrifta er det verknadene av tiltaksalternativet(-a) som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga, og desse blir målt opp mot 0-alternativet. For naturmangfaldet vil då konsekvensane av 0-alternativet bli at ein ikkje oppnår dei forventa positive verknadene av vern som vil bli utfyllande gjort greie for i konsekvensutgreiingane.*
6. *Statsforvaltaren ser Griphølen som eit tenleg namn på det marine verneområdet. Namneforslaget er lagt fram for Språkrådet, som i brev av 17.08.2020 skriv følgjande: «Vi har ingen merknader til namneforslaget Griphølen marine verneområde. Namnet høver på staden, og skrivemåten er i samsvar med skrivemåten i Sentralt stadnamnregister».*
7. *Statsforvaltaren ser ikkje at det er trong for å nemne deponiplanane på Raudsand særskilt i utgreiingsprogrammet. For å fange opp verknader knytt til skipstrafikk i området er samferdsel tatt inn i opplistinga i avsnitt 4.3.8.*
8. *Vi meiner desse omsyna er dekt i utgreiingsprogrammet avsnitt 4.3.7 og 4.3.8.*
9. *Tema fiskeri inngår i avsnitt 4.3.5.*
10. *Som punkt 3.*
11. *Avveging av ulike bruks- og verneomsyn vil vere eit av dei viktigaste elementa i verneplanarbeidet.*
12. *Det vil vere eit viktig mål for konsekvensutgreiinga at ho skal gi ei god naturfagleg grunngeving for behovet for vern.*
13. *Verknader for friluftsliv vil bli eit eige tema i konsekvensutgreiinga, jf. avsnitt 4.3.3 i utgreiingsprogrammet.*

Innspeil til verneplanen

Vedtak i formannskapet:

1. Kristiansund kommune kommer med innsigelse til Statsforvaltarens oppstart og høring av utredningsprogram for marin verneplan for Kristiansund og Smøla på til sammen 612 kvadratkilometer.
2. Innsigelsen markeres av følgende årsaker: Gammelt innhold og utdatert tekst fra rådgivende organ om vernekandidater fram til 2004, at kystsamfunnene med alle sine aktører i Kristiansund og Nordmøre blir stengt ute fra egen kyst – og at verneprosessen fører til stagnasjon og nedbygging i tradisjonell fangst, fiske og akvakultur – og stopper energibyggning til havs.
3. Verneplanforslaget er også i strid med Interkommunal sjøområdeplan for Nordmøre og nasjonal politikk om nye havromsnæringer. Statsforvaltaren bør ta et skritt tilbake og oppdatere innholdet i verdiskaping fra havet. Verneforslagets arealomfang er alt for omfattende.
4. Formannskapet slutter seg til de argumenter og merknader som er nevnt i vårt høringssvar.

Oppsummeringar frå saksframlegg

5. Verneområda bør ha ein realistisk storleik, og det må utgreiast om vern er nødvendig for eit så stort område som det er meldt oppstart for. I tillegg må det inn alternativ med berre delar av området.
6. Omfang, nødvendighet og restriksjonsnivå må sjåast opp mot nasjonale målsettingar om vekst og næringsutvikling til havs.
7. Kommunen peikar på at eit av dei best eigna områda for tareoppdrett ligg innanfor verneplanområdet, og meiner vern må vike for verdiskaping og gi rom til moderne anlegg.
8. Etterspør avklaring på kva restriksjonar som er aktuelle for oppdrett.
9. Meiner oppdrettslokaltetar til havs med flyttbar og rømmingssikker design gjer det mogleg å kombinere vern av sjøareal med havbruksverksemd i større grad enn tidlegare vernevedtak. Kyststraumen i Griphølen bør utnyttast til akvakulturformål.
10. Utsett hummar representerer inga fare for økologiske eller genetiske forskjellar frå vill hummar.
11. Verneforskrifta bør utformast med tydelege omtalar av underområde og kva for artar og samfunn vernet skal ivareta.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Statsforvaltaren rettar seg etter oppdraget frå Klima- og miljødepartementet frå april 2017 om å utarbeide eit vernplanforslag for marint vern av Griphølen og Remman. Prosessen følgjer reglane i naturmangfaldlova §§ 41-46. Statsforvaltaren legg til grunn at det er nødvendig å gjennomføre vern av Griphølen og utviding av Remman naturreservat for å oppnå målsettingane for marin verneplan og Stortingsmelding 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur.*
2. *Innvingane til vernegrunnlaget og verknader av verneplanen er svart ut i verneforslaget med konsekvensutgreiing. Kommunen vil kunne vurdere oppfatninga av verneplanen på nytt når det kjem på høyring.*
3. *Statsforvaltaren legg til grunn at avveging av desse målsettingane er gjort i Stortingsmelding 29. Avgrensing og restriksjonsnivå er elles i samsvar med dei føringar som er gitt, jf. også at det er opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Endeleg vurdering vil bli gjort av regjeringa før ev. vedtak.*
4. *Tatt til vitande.*
5. *Konsekvensutgreiinga gir ei utfyllande omtale av naturverdiane i området. Samla sett vurderer Statsforvaltaren at kunnskapsgrunnlaget for naturverdiane i områda er tilstrekkeleg til å slå fast at kriteria i naturmangfaldlova §§ 37 og 39 (sjå kap. 1.2) er innfridd, og at områda er*

kvalifisert for vern som marint verneområde (Griphølen) og naturreservat (utviding av Remman naturreservat (sjå kap. X.x.x) og oppretting av Inngripan naturreservat). Høyringsforslaget og konsekvensutgreiinga inneheld to alternative avgrensingar av Griphølen mvo, inkludert eit alternativ der Sør-Smøla lvo ikkje er med i det marine verneområdet.

6. Som punkt 3.
7. *Det er i utkast til verneforskrifta for Griphølen mvo opning for å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. På kva vilkår dette ev. kan skje må vurderast konkret i den enkelte sak ut i frå det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg, inkl. forundersøkingar i søknaden. Statsforvaltaren legg til grunn at tareoppdrett vil vere av dei minst konfliktfylte oppdrettsformene som kan vere aktuelle.*
8. Som punkt 7.
9. Som punkt 7.
10. *Havbeite fell under akvakultur, som det er opning for å gi løyve til om det ikkje strir i mot verneformålet.*
11. *Verneformålet går fram av § 1 i forslag til verneforskrift.*

Møre og Romsdal fylkeskommune (Fylkesutvalet), brev 03.09.2020

Merknader til utgreiingsprogrammet:

Ingen merknader til utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

Vedtak i fylkesutvalet:

1. Fylkesutvalet ønskjer primært at arbeidet med verneplanen blir utsett. Dersom arbeidet likevel blir igangsett så må det leggest særskilt vekt på utgreiingar av dei næringsmessige konsekvensane, og fylkesutvalet rår til at det ikkje blir fremma forslag om vern dersom dei framtidige næringsmessige konsekvensane er for store.

Oppsummeringar frå saksframlegg

2. Det er viktig at det vert teke omsyn til at Nordmørskommunane i fellesskap og med heimel i plan- og bygningslova Kap 11, har utarbeidd ein bindande arealplan for bruk av sjøområda på Nordmøre – «Kommunedelplan for sjøområdene, Interkommunal sjøarealplan for Nordmøre». Planen har som formål føreseieleg behandling av alle arealsaker i regionen, med sikte på berekraftig bruk og verdiskaping.
3. Det komande verneforslaget bør innebere at areal med strengaste restriksjonsnivå vert avgrensa til det som er nødvendig for å sikre biologiske referanseområde, jamfør også tilrådingar frå rådgivande utval i 2004. I øvrige delar bør det vere ope for akvakultur og annan verksemd som ikkje i vesentleg grad endrar naturtilhøva.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Statsforvaltaren rettar seg etter oppdraget frå Klima- og miljødepartementet frå april 2017 om å utarbeide eit vernplanforslag for marint vern av Griphølen og Remman. Prosessen følgjer reglane i naturmangfaldlova §§ 41-46. Vi legg til grunn at det er nødvendig å gjennomføre vern av Griphølen og utviding av Remman naturreservat for å oppnå målsettingane for marin verneplan og Stortingsmelding 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur. Verknader for næringsliv er ein viktig del av konsekvensutgreiinga. Etter vår vurdering er det forsvarleg å legge fram verneforslaget. Den endelege vurderinga av vern vil skje i regjeringa.*
2. *Etter vår vurdering er sjøområdeplanen ikkje tilstrekkeleg for å sikre dei marine naturverdiane som ligg til grunn for verneforslaget.*

3. *Med unntak av restriksjonssoner med forbod mot tarehausting er Griphølen mvo ikkje delt i ulike delområde med ulike reglar. Statsforvaltaren ser ikkje at det er behov for dette. For akvakultur innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde vil det vere soneinndelinga der som vil vere førande. Sjå kap. X.x i verneplanomtalen for nærare vurdering av soneinndeling.*

2. Merknader til høyring

Innkomne merknader til høyring vil bli tatt inn etter høyringsperioden.

Vedlegg

- Innkomne merknader ved oppstart
- *Innkomne merknader til høyring vil bli tatt inn etter høyringsperioden*

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

